ALVER
KOMMUNE

Skarsvåg Rør Og Interiør As
Melandsvegen 15
5919 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:XWTNSN-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 30.03.2023 |
| Vår: 23/2207 - 23/25469 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på rørleggermelding - gbnr 324/4 Langeland

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Tilknyting offentleg vatn |
| **Byggjestad:** | Sagstadvegen 39 – Gbnr 324/4 |
| **Tiltakshavar:** | Tore Mjåtvedt |
| **Ansvarleg søkjar:** | Skarsvåg Rør og interiør AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det vert ikkje gjeve løyve til utvendig vasspost i Alver kommune (jf. «Standard abonnements-vilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelsen» pkt. 2.4 ). Vi gjer merksam på at tilknyting av vatn vil medføre krav om godkjent av avløp. Dersom ein ynskjer å få vatn lagt inn i bygg skal det ligge føre godkjent utsleppsløyve, før vi kan handsame tilknytingssøknad.

   Vi ber om at søknad vert oppdatert med nødvendig dokumentasjon, dersom tiltakshavar ynskjer å legge vatn og avløp inn i bygget. Dersom tiltakshavar ikkje ynskjer dette, ber vi om at søknad vert trekt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tore Mjåtvedt | Sagstadvegen 39 | 5919 | Frekhaug |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skarsvåg Rør Og Interiør As | Melandsvegen 15 | 5919 | FREKHAUG |